

RAPPORT –

Kvammalokk Revisited – Lakmustesten

Til

Kommunal- og regional departementet

Frå

Kvam herad i samarbeid med:

Kunstnarorganisasjonen Harding Puls	(Etablert 1993)
Galleri Puls	(Etablert 2009/2011)
Kunsthuset Kabuso	(Etablert 2006)
Kunstnarhuset Messen	(Etablert 2008)

Bakgrunn for søknad om Bulyst-midlar

Ekstra økonomiske midlar og ressursar vart sprøyt inn i kunst- og kulturfeltet i Kvam og Hardanger i perioden 2007 – 2010 gjennom *Kvammalokk* og *Hardangerlokk*-prosjekta.

Etter avslutninga av desse ambisiøse prosjekta vart spørsmålet: kva skal til for å få ein bærekraftig synergieffekt av den satsinga som vart gjort i denne perioden? Kva skal til for å heva kultursatsinga endå eit hakk vidare?

Difor sendte Kvam herad i februar 2013 søknad om å få tildelt bulyst-midlar til prosjektet som skulle etablera eit tydeleg samarbeid og samtidig styrka aktørane innanfor kunstfaget i Kvam og Hardanger, som i samarbeid med Kvam herad står som avsendar av denne rapporten.

I juli 2013 fekk Kvam herad tilsagn om kr. 1 300 000.- i tilskot til gjennomføring av prosjektet.

Historikk 2007 - 2010

Over mange år har organisasjonar og institusjonar skapt kunstopplevingar og kulturelle verdjar i kommunen Kvam og i heile Hardanger.

Ein av våre aktive kunstnarar tok i 2007 initiativ til eit prosjekt som skulle lokka endå fleire kunstnarar til Kvam. Kommunen tok på seg ansvaret for prosjektet *Kvammalokk* som vart gjennomført i 2007 - 2008.

Prosjektet vart svært vellukka og resulterte i at 4 kunstnarpar busette seg i Kvam. Kunstnarhuset Messen i Ålvik vart etablert både som arbeidsplass for regionale kunstnarar og ikkje minst som eit Artist in Residency for kunstnarar frå heile verda. Dette har vorte ein møteplass mellom Hardanger sine kunstnarar og kunstnarar utanfrå.

Kommunen v/ dåverande rådmann tok også initiativ til eit galleri i kommunesenteret Norheimsund. I fyrstninga vart det drive av eit av dei tilflytta kunstnarpara og vart kalla *Hardanger Kunstsenter*. I 2011 overtok kunstnarorganisasjonen Harding Puls og namnet vart endra til Galleri Puls.

Det vellykka resultat frå *Kvammalokk* førde til at Hardangerrådet ville vidareføra ideen i prosjektet *Hardangerlokk* og det skulle gjelde heile regionen.

Hardangerlokk som vart gjennomført i 2008 – 2010, gav etableringsstipend til 3 kunstnarar som flytta til regionen med sine familiar. *Hardangerlokk* la også vekt på tiltak som skulle gjere det attraktivt for kunstnarane og verte buande i regionen. Dei gav eit år ut arbeidsstipend til 3 kunstnarar og dei fekk etablert leige av eit fast kunstnarhusvære i Berlin som kunstnarane kan søkje om opphald i for 1 – 3 månadar. Dei skaffa og pengar til eit Hardanger Open-prosjekt, der kunstnarane opna sine arbeidsplassar for publikum. Dette var gjennomført etter avslutninga av *Hardangerlokk* og *Harding Puls*, som har lang erfaring med å organisere kunstprosjekt, fekk i oppdrag å organisera det.

Både *Kvammalokk* og *Hardangerlokk* bidrog til eit ekstra positiv løft i utviklinga av det eksisterande kunst- og kulturmiljøet i Kvam og i regionen.

Etter at *Kvammalokk* og *Hardangerlokk* vart avslutta såg me at her ligg det til rette for ei svært verdifull kulturell utvikling både for kommunen og for regionen. For ikkje å skusla vekk dette høvet og dei økonomiske midlane og ressursane som var sprøyt inn i desse prosjekta, såg både me i organisasjonane og ikkje minst Kvam sin kultursjef på den tida, Lars Erik Klafstad, at her kan me samkøyre og samarbeide i endå større grad og verta sterkare og tydelegare som kunst- og kulturregion.

Søknad BULYST-MIDLAR

Kvam herad sitt utgangspunktet for å søkje prosjektmidlar gjennom Bulyst for prosjektet *Kvammalokk Revisited – Lakmustesten* var difor å bidra til at våre organisasjonar og Institusjonar skulle etablere eit organisert samarbeid og konkretisera dette gjennom ulike prosjekt. *Kvammalokk Revisited – Lakmustesten* skulle visa at fruktene etter *Kvammalokk* og *Hardangerlokk* var berekraftige.

Prosjektet skulle gå over tre år og ta utgangspunkt i nokre påbegynte prosjekt og la andre prosjekt veksa fram gjennom prosjektperioden.

Prosjektet skulle ha ein koordinator i 20 % og 50% stilling.

Prosjektgruppa som består av Kvam herad, *Harding Puls*, *Galleri Puls*, *Kunstnarhuset Messen* og *Kunsthuset Kabuso*, har prioritert å nytta eigne allereie eksisterande ressursar på koordinatoren, og heller prioritere Bulyst-midlane på kunstprosjekta som har vore sjølve kjernen av prosjektet *Kvammalokk Revisited – Lakmustesten*.

Kvar institusjon har gjennom heile planperioden parallelt jobba med fullfinansiering av dei ulike prosjekta.

Organisasjonane/ institusjonane våre har til saman oppfylt største delen av planen i søknaden om Bulyst-midlar.

Sjå lenger ut i denne rapporten som omhandlar kvart prosjekt som er gjennomført. Dei viser og samarbeidet mellom organisasjonane / institusjonane i denne perioden.

Eigen ANALYSE:

I tillegg til dei kommunale midlane kan me visa til å ha innhenta større summar frå andre tilkotsytarar både nasjonale og nordiske, som har gitt tydeleg kunst- og kulturvekst i regionen. *Sjå eigne rapportar frå kvart prosjekt.*

I rapportane viser me at kulturfeltet i Kvam har utvikla eit tett samarbeid og at me har både kompetanse, kapasitet og evne til gjennomføring av ulike prosjekt.

Gjennom Bulyst-perioden og i prosjekta me har jobba med har det oppstått planar og arbeid for nye fellesprosjekt for den vidare utviklinga.

Me kan vise til vidare planar for eit 3 årig samarbeidsprosjekt, med arbeidstittelen *Squash – kulturvekst*, som er eit tverrfagleg kunstprosjekt. Prosjektet vert planlagt å gjennomførast i 2017 – 2019.

2013 – 2016 Rapport om dei ulike prosjekta

I denne delen vil me synleggjere gjennomførte samarbeidsprosjekt for den aktuelle prosjektperioden. Dei involverte institusjonane er:

Kvam herad, Kunsthuset Kabuso, Harding Puls, Galleri Puls og Kunstnarhuset Messen

2013 - 2014 Utstillingane og framsyninga GLØD.

Eit samarbeid mellom Kunsthuset Kabuso, Galleri Puls og Harding Puls.

Samarbeidsprosjektet vart gjennomført i slutten av 2013 og i starten av 2014. og er det fyrste prosjektet under *Kvammalokk Revisited – Lakmustesten*.

For å markere 20-årsjubileet til Harding Puls, laga me i samarbeid ein stor utstilling. Denne var todelt og vist i Galleri Puls frå 9.11.13 til 22.12.13 og i Kabuso frå 23.11.13 til 22.12.13.

Til saman vart det vist arbeid av 33 kunstnarar som er medlemmer i Harding Puls.

Det var arrangert ei stor framsyning på scena i Kabuso med 12 utøvande kunstnarar som er medlemmer i Harding Puls. I tillegg vart det gjennomført 16 huskonsertar i heimar til publikum kring i Kvam og i Hardanger.

Rapport frå prosjektet er vedlagt, vedlegg 1, inkl. revisjonsrapport

2014 - 2016 Stadspesifikk kunst i landskap.

Mellom Himmel og Fjord. SJÅ!

Harding Puls har gjennomført det 3-årige prosjektet *Mellom Himmel og Fjord. SJÅ!*

Det har vorte skapt 55 kunstverk ute i landskapet i Hardanger i prosjektperioden.

Ca halvparten av kunstnarane er frå Hardanger og den andre halvparten vart invitert frå resten av Norge og frå Danmark, Sverige, Finland og Island.

Tingingsverket Planting

Musikkverket er knytt til Mellom Himmel og Fjord. Sjå!

Sjå rapport

Rapportar 2014 – 2016 er vedlagt, vedlegg 2 – 4, inkl. revisjonsrapport

2016 Kunst- og kultursektoren sitt samfunnsbidrag i Kvam herad

Kvam herad ynskte å få ei ekstern vurdering av satsinga på kultur dei siste åra. Det vart difor utlyst ei anbuds konkurranse om å laga ein rapport som såg på effektane av satsinga.

Ideas2evidence vann konkurransen og laga ein rapport som var ferdig i oktober 2016.

Rapporten er vedlagt, vedlegg 5.

2013 - - Kunstnarhuset Messen i Ålvik.

I styret for Messen set representantar frå Kunsthuset Kabuso og frå Harding Puls.

Kunstnarhuset Messen er spesielt viktig som samlingsplass for prosjektgruppa i *Kvammalokk Revisited – Lakmustesten*, da det alltid er eit vitalt og aktivt kunstmiljø i huset som gir viktig energi til kulturkommunen Kvam.

Utvikling av kunstnarhuset har til no vore drive på prosjektmidlar og er difor å rekna som eit eige prosjekt so lenge det ikkje har kome inn på faste tilskotsordningar.

Harding Puls, har kontorfellesskap med dagleg leiar i Messen, og dei brukar staden til

sine møter. Harding Puls var ein av pådrivarane i etableringa, og ikkje minst i vidareføringa av Kunstnarhuset Messen etter at Kvammalokk og Hardangerlokk vart avslutta. Fleire av medlemene i Harding Puls har studio i Messen og representerer den faste kjerna i kunstnarhuset. Samtidig har denne kunstnararbeidsplass vorte ein unik Artist in Residency plass som tek i mot eit stort antal gjestekunstnarar frå på heile verda. Huset har plass til 5 - 7 gjestekunstnarar samtidig.

Messen har i 2016 til dømes sagt ja til ca 40 gjestekunstnarar av dei 140 som søkte om plass. Fleire av gjestekunstnarar har både stilt ut og brukt Galleri Puls til presentasjonar. Messen sine gjestekunstnarar får og bruke foajeen i Kabuso til sine kunstnarpresentasjonar.

Fleire av gjestekunstnarane har bidrege i tilboda der Messen inviterer skuleelevar til eigen aktivitet i kunstfag. Ein forfattar har hatt samarbeid med skulen i Ålvik om ei diktbok.

Oversikt over gjestekunstnarar frå perioden og anna aktivitet er vedlagt, vedlegg 6.

2014 - 2016

Galleri Puls

Galleriet vert drive av 4 medlemmer i Harding Puls.

Galleriet er ein arena både for kunstnarar i regionen og kunstnarar frå heile Hordaland og andre, til å visa sin kunst for publikum i Kvam og Hardanger. Galleriet tilbyr og omvisning til skuleklassar.

Galleriet samarbeider med Kunstnarhuset Messen om utstillingar og presentasjonar med gjestekunstnarar.

Kunsthuset Kabuso og Galleri Puls har avtale om å vise til kvarandre sine utstillingar og samkjøre arrangement og opningar, så arrangement ikkje kolliderer.

Utstillingsprogram for Galleri Puls 2014 – 2016 er vedlagt, vedlegg 7.

2013 – 2016

Samandrag

Det har vore ulike målgrupper for prosjektet i ulike fasar. Profesjonelle kunstnarar er gjennomgåande som ein raud tråd gjennom planperioden. Prosjektet tilbyr arbeidsoppgåver til kunstnarane, men og viktig fagleg påfyll frå verda der ute.

Kunst- og kulturinstitusjonane i Kvam har hatt interessante profesjonelle kunstnarar å jobbe saman med. Dette er den beste reiskapen for å danna gode program som genererer kunstoplevingar for eit vanleg kunstinteressert publikum, samt tilbod til barn og unge.

Me vil spesielt trekke fram kva effekten av kunst i landskapet har å seie for regionen. Å oppleve kunst i natur, på vante og uvante måtar, genererer stor kunstinteresse, og bidreg til at folk ser heimstaden sin med nye auge. Dette er av stor verdi for det vi ser som stadsutvikling fleire stader i Kvam og Hardanger.

Me vil halde fram med å arbeide på denne måten, og synleggjere mangfaldet og profilera Kvam og Hardanger gjennom dette. Samstundes vil me også gjere samanhengen mellom alle aktørane i kunstfeltet i Kvam meir synleg.

Samhandlingar mellom dei ulike aktørane innan kunst og kultur vil på den måten også utviklast vidare. Støtta frå Bulyst-midlane og perioden bak oss er eit godt springbrett for prosjekt framover.

2016 -2020

Vidare samarbeid og prosjektutvikling.

Squash – Kulturvekst

Dette prosjektet skal byggje vidare på erfaringar og fagleg nettverk me til saman har opparbeid oss og skal gje fleire stadspefikke opplevingar både ute i naturen og ute i tettstadane / bygdesentra. Prosjektet skal og leggje vekt på å byggje nettverk mellom kunstnarane i Hardanger og gjestekunstnarar utanfrå både frå resten av Norden og internasjonalt.

Database for kompetanse

Eit anna satsingsområde som er naturleg å få på plass i fellesskap er utvikling av ein database som tydeleg fortel kva kompetanse kvar kunstnar og kunstinstitusjonane har. Det vil gjere det enklare for brukarar og oppdragsgivarar å orientera seg i dette mangfaldet av kunstfagleg kompetanse og tilbod me kan bidra med.

Inntekter 2014 - 2016:

Fordeling av bulyst - midlar

Harding Puls	Eigeninnsats	kr. 300.000
Kabusø	Eigeninnsats	kr. 300.000
Messen	Eigen innsats	kr. 300.000
Galleri Puls	Eigen innsats	Kr 100.000
Kvam herad	Eigen innsats	kr. 300.000
		Kr. 1.300.000

Eigen inntening

Harding Puls	Billett inntekter Glød - framsyning og huskonsertar	kr. 53.450
Messen	Leigeinntekter i 3 år	kr. 340.000
Galleri Puls	Salsinntekter	kr. 608.773
		Kr. 1.002.223

Hordaland fylkeskommune

Harding Puls	MHog F.SJÅ! (435.000) - Tingingsverk (20.000) - GLØD (30.000)	kr. 485.000
Messen	Driftstilskot	kr. 300.000
Galleri Puls	til utstillinga Om felemakarane på Botnen	kr. 25.000
		Kr. 810.000

Norsk Kulturråd

Harding Puls	MHogF.SJÅ! (300.000) og Glød (120.000)	kr. 420.000
Messen	Tilskot Skuleprosjekt	kr. 50.000
		Kr. 470.000

Kvam Herad

Harding Puls	MHogF.SJÅ!	kr. 90.000
Messen	Driftstilskot	kr. 255.000
Galleri Puls	Støtte til sommarvakt i 3 år	kr. 30.000
		Kr. 375.000

Hardanger 2014 / Hardangerrådet

Harding Puls	MHogF.SJÅ!	kr. 40.000
Messen	Dokumentasjon/Marknadsføring/Skuleprosjekt	kr. 25.000
		Kr. 75.000

Regionalt Næringsfond Hardanger

Harding Puls	MHogF.SJÅ!	kr. 100.000
Messen	Marknadsføring av Messen/Skuleprosjekt	kr. 150.000
		Kr. 250.000

Kvam Næringsråd / kompensasjonsmidlar

Messen	Innkjøp av utstyr og inventar	kr. 150.000
		Kr. 150.000

Andre tilskots ordningar / Gaveforsterkningsordningen

Harding Puls	MHogF.SJÅ! (430.474) - GLØD (106.500)	kr. 536.974
Galleri Puls		kr. 6.500
		Kr. 543.474

Private gaver / tilskot(sparebankstiftinga og andre)

Harding Puls	MHogF.SJÅ! (250.000) - Tingingsverk (23.000) - GLØD (20.500)	kr. 293.500
Messen	Marknadsføring/Dokumentasjon/Skuleprosjekt	kr. 100.000
		Kr. 393.500

Samla inntekter **Kr. 5.369.197**

Utgifter:

Kunst og kultursektoren sitt samfunnsbidrag i Kvam		kr. 155.500
(Mellom Himmel og Fjord. SJÅ!	kr. 1.780.290 + e.innsats 1.272.000)	
(Tingingsverket Planting	kr. 60.220)	
(Glød	kr. 419.108)	
Harding Puls MHog F + Tingingsverk + Glød	= kr. 2.259.618 + 1.272.000	kr. 3.531.618
Kunstnarhuset Messen		kr. 1.670.000
Galleri Puls	kr. 723.515 + e.innsats 250.000	kr. 973.515
Sum		kr. 6.330.633

Differansen kr. 961 436 er eigeninnsats knytt til dei ulike delane av prosjekta.

Mvh

Jan Tjosås
Leiar Næring Kvam herad